

Fra: Silje Balgaard Lyngstad (Silje.Balgaard.Lyngstad@vlfk.no)

Sendt: 04.05.2021 07:59:02

Til: Politisk

Kopi:

Emne: VS: Spørsmål til FU-møtet 11. mai 2021

Vedlegg:

Fra: Alfred Jens Bjørlo <Alfred.Jens.Bjorlo@vlfk.no>

Sendt: tirsdag 4. mai 2021 07:42

Til: Jon Askeland <Jon.Askeland@vlfk.no>

Kopi: Toralf Rutledal <Toralf.Rutledal@vlfk.no>; Vestland fylkeskommune <post@vlfk.no>; Silje Balgaard Lyngstad <Silje.Balgaard.Lyngstad@vlfk.no>

Emne: Spørsmål til FU-møtet 11. mai 2021

God morgon! Eg ynskjer å stille følgande spørsmål til møtet i FU 11/5 (spørsmålet vart stilt muntleg i møtet i april, men etter avtale blir det no meldt opp skriftleg:

Om framdrift for Atløysambandet

Atløysambandet er eit ferieavløvsingsprosjekt på fylkesvegnettet i Askvoll kommune. som ligg inne i økonomiplanen til Vestland med føresett oppstart i 2024. Det er avsett planleggingsmidlar til prosjektet i 2021, for å kome raskt i gang med naudsvnte avklaringar (KS2, avklaring av årlege statlege bidrag gjennom den nye og reviderte ferjeavløvsingsordninga, etc).

Eit viktig poeng knytt til Atløysambandet er vidare at dagens ferjesamband etter planen skal ut på nytt anbod i 2024. Det vil ved eit nytt anbod vere krav om el-ferje, med dei ekstra investeringane det fører med seg både på ferjemateriell og kaier. Det er difor viktig raskt å få ei heilskapleg sak som gjer greie for dei økonomiske rammevilkåra knytt til gjennomføring av Atløysambandet – både med statlege finansieringsbidrag og «alternativkostnader» for fylket dersom ein må til med nytt ferjeanbod frå 2024.

Kan Fylkesordføraren ajere areie for status når det ajeld arbeid i Vestland fylkeskommune med Atløysambandet, for raskast råd å få på plass nødvendige avklaringar om gjennomføring av prosjektet som føresett i vedteken økonomiplan?

Mvh Alfred Bjørlo, Venstre